

Referat frå møte i utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv 21.11.24.

Desse møtte: Camilla Rubach. Øystein Skullerud, Aksel Lygre, Olav Kvarven, Heidi Rolfsnes og Gunnvald Bjotveit.

Sak 20/24: Godkjenning av møtebok frå 24.10.24 og innkallinga.

Referat og innkalling vart godkjent utan merknad.

Sak 21/24: Evaluering av arrangement til no i haust

- Felleskyrkjeleg songkveld 07. november : Bra tale og fint samansett song- og musikkprogram. Bra frammøte og god stemning. Til lærdom: Vi må vera nøyaktige med oppsetting av kyrkjevertar på konsertar/ songkveldar m.m. Avklara ansvaret mellom soknerådet og dette utvalet.

Sak 22/24: Oppfølging av semesterplanen fram til jul.

- 24.11.24 Sjå referat frå 24.10.24 Alt er pr. dato OK.
- Barna si jubileumsfeiring 30.11.24. Trusopplærar Marta har opplegget og kontroll.
- Prosjektkoret m/fleire. Konsert 30.11.24 Ad prosjektkoret m.m. sjå referat frå 24.10.24. Ad program og oppgåver: Kyrkjevertar: Aksel, Olav og Heidi. Olav skaffar vekslepengar og tek ansvar for billetsalet. Kr. 350,- per billett. Aksel ynskjer velkome og takkar av. Heidi deler ut blomar. Camilla skaffar blomar frå Floriss på HSD-senteret der soknerådet har avtale. 11 små bukettar og 35 roser.
- Jubileumsgudstenesta 1. sundag i advent, 01.12.24 kl. 11.00. Sjå referat frå 24.10.24. Oppdaterte innslag: Arne Kvarven syng. Korpset stiller med forsterkingar. På Salem kyrkjekaffi Rune og Aksel deler på leiinga på kyrkjekaffien. Gangen i kyrkjekaffien: Velkomen. Servering. Helsingar etter avtale.
- Julekonserten 15.12.24. Ansvar Øystein Skullerud. Heidi syng. Gunnvald kyrkjevert. Leiar ikkje avtala pr. 21.11, soknerådet skaffar leiar. Takoffer til Matkasse for trengjande v/Frivillighetssentralen, Røde Kors og sokneråda på Bømlø. Elisabeth Jacobsen skaffar blomar til solistar etter opplysningar frå Øystein Skullerud.

Sak 23/24: Planar for våren 2025.

- Temakveld 16. januar med Eli Minde frå Stefanusalliansen. Olav spelar trekkspel til sangar og glede.
- Temakveld 13. februar. Tema: Pilegrimsvandring ved pilegrimsprest Einar Vegge. Kyrkjekoret.
- Temakveld 05. mars. Oskeonsdagsgudsteneste.
- Songkveld 23.mars
- Temakveld 03. april. Menneskeverd. Generalsekretæren kjem.
- Songkveld 22. juni. Songgruppe frå Mandal. Øystein gjer avtale.

Sak 24/24: Rekruttering til kyrkjekoret

Etter noko drøfting av saka, vart fylgjande tiltak lyfta fram: a) Vidare oppmoding i gudstenester og andre arrangement om å verta med i koret og å oppmoda andre til å delta. Framsnakking om kor viktig koret si oppgåve er. b) Heidi lagar ein innbydande flygesetel. Ho og Olav køyrer rundt i postkassane. c) Koret sine medlemmer må oppmuntrast til å vera innbydarar, gode ambassadørar, til å delta i koret. Dei som sjølve har glede av og kjenner ansvar for koret, har gjerne størst truverde når dei inviterer inn. Kven kan inspirera kormedlemmene?

Sak 25/24: Oppdatering i Medarbeidaren og bruk av nettet.

Rette vedkomande vert oppmoda til å vera aktiv og nøyaktig med å notera arrangement inn i Medarbeidaren. Facebook og kyrkja si heimeside må nyttast effektivt og oppdaterast regelmessig. Kan fleire vera administrator på Facebook som ei avlasting?

Referent

Gunnvald Bjotveit